



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Valstyret
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 05.04.2016
Tid: 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 4/16	Utforming av røystesetlar – folkerøysting
PS 5/16	Fastsetjing av røysteslokale og røystegjevingstid Folkerøysting 19. mai – kommunereform
PS 6/16	Plan for førehandsrøystinga ved folkerøysting - kommunereform

Politiske saker

Politiske saker



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/36
		Arkivkode:	019

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/16	Valstyret	05.04.2016

UTFORMING AV RØYSESETLAR - FOLKERØYSTING

Administrasjonen si tilråding:

Valstyret vedtar at alternativ 1 skal nyttast som røysetetlar under folkerøysting om kommunereform.

Vedlegg:

Forslag til røysetetlar for alternativ 1.

Saksopplysningar:

Kommunestyra i Ørsta og Volda vedtok i juni 2015 at det skulle utarbeidast ein intensjonsplanavtale for å slå saman Volda og Ørsta kommunar, og at denne skulle leggest fram til folkerøysting i dei to kommunane. Folkerøystinga skal skje på same dag og kriteria for å røyste skal vere dei same i dei to kommunane.

Valstyret har fått delegert fullmakt til å bestemme den endelege utforminga av røysetetlar, likevel slik at røysetetlane blir lik i Ørsta kommune og Volda kommune, jf K-sak 10/16.

Folkerøystinga vert gjennomført på grunnlag av informasjon om kommunereforma og felles intensjonsavtalen for samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.

Det er to alternativ for utforminga av røysetetlar:

Overskrifta på røysetetlane bør vere:

Folkerøysting i Volda om kommunereform:

Skal Volda kommune og Ørsta kommune slå seg saman til ein kommune?

1. Ein røysetetel der det kan kryssast av for anten JA eller NEI (Kommentar nedst på setelen: Du kan berre sette eitt kryss. Setlar utan kryss tel som blank røyst).

2. Ein røystesetel med JA, ein med NEI og ein BLANK. Utforminga av desse setlane blir lik alternativ 1, med den forskjell at det blir ein setel for kvart svaralternativ.

Alternativ nr 1 gjer den fordelan at vi treng færre røystesetelar ved dette alternativet. Dette vil verte rimelegare og meir praktisk.

Ved alternativ nr 2 unngår ein tvil om kva det er kryssa for.

Røystesetlane skal vere tosidige, med ”stempelrute” på baksida. Papirkvaliteten må vere slik at det ikkje går an å sjå ”gjennom” setlane. Røystesetlane skal vere like for Volda og Ørsta.

Det må også trykkast opp røystesetlar med blindeskrift.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at alternativ 1 vert valt.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Utgifter til trykking av røystesetlar blir høgare dersom ein vel alternativ 2 for røystesetlane.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Servicekontoret for vidare arbeid.

Folkerøysting i Volda om kommunereform:

Skal Volda kommune og Ørsta kommune slå seg saman til ein kommune?

JA

NEI

Du kan berre sette eitt kryss. Setlar utan kryss tel som blank røyst.

Her skal valfunksjonær
stemple røystesetelen



Brett arket langs den stripla linja før du let
valfunksjonær stemple røystesetelen.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen Arkivsak nr.: 2016/36
Arkivkode: 019

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/16	Valstyret	05.04.2016

FASTSETJING AV RØYSTESLOKALE OG RØYSTEGJEVINGSTID FOLKERØYSTING 19. MAI - KOMMUNEREFORM

Administrasjonen si tilråding:

Røystinga skal gå føre seg i skulehus, med unntak for krinsane:

- *Øyra - der røystelokalet er Samfunnshuset*
- *Vikebygda - der røystelokalet er ungdomshuset Høgtun*
- *Fyrde – der røystelokalet er forsamlingshuset Samhald*
- *Dalsbygd - der røystelokalet er forsamlingshuset Solheim*
- *Steinsvik – der røystelokalet er forsamlingshuset Høgtun*
- *Velsvik - der røystelokalet er Velsvik bedehus*

Valdagen er fastsett til måndag 14. september. Tida for røystegjevinga skal i alle krinsane vere frå kl. 12:00 til kl. 18:00, med unnatak for Øyra

krins, der røystegjevingstida skal vere frå kl. 9:00 til kl. 20:00.

Valstyret ser det som unødvendig at vallokala i dei andre krinsane skal ha ope til kl. 20:00.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i K-sak 10/16 at valstyret skal avgjere kor røystinga på valdagen skal skje og fastsette tid for røystegjeving. Røystestyra er valt i valstyret sitt møte i februar 2016. Det er først og fremst skulehusa har vore nytta som vallokale, i tillegg til ein del forsamlingshus eller ungdomshus.

Ved kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 hadde vallokalet ved Øyra krins ope frå kl. 9:00 til kl. 20:00. Vallokala i dei andre krinsane hadde ope frå kl. 12.00 til kl. 18.00. I ein del av dei minste valkrinsane, t.d. Velsvik der det berre er om lag 50 røysteføre, kunne røystegjevingstida gjerne ha vore kortare. Valstyret må vurdere om ein skal redusere på opningstidene eller halde fast på dei ein hadde ved sist val.

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at valstyret gjer tilsvarende vedtak som ved sist val når det gjeld vallokale. Valstyret bør vurdere evt. kortare opningstider i krinsane for mottak av røyster.

Økonomiske konsekvensar:

Det er utgifter knytt til leige av lokale, godtgjersle for medlemmane i røystestyre og tapt arbeidsforteneste.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Leiarane i røystestyra



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/36
		Arkivkode:	019

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/16	Valstyret	05.04.2016

PLAN FOR FØREHANDSRØYSTINGA VED FOLKERØYSTING - KOMMUNEREFORM

Administrasjonen si tilråding:

1. Det vert mottak av førehandsrøyster på rådhuset (servicekontoret) frå 29. april - 13. mai frå kl. 8:00-16:00. Dessutan vert det utvida opningstid for mottak av førehandsrøyster torsdag 12. mai fram til kl. 18:00.
2. Det vert mottak av førehandsrøyster på Høgskulen i Volda, Volda vidaregåande skule, ungdomsskulane i kommunen og helse- og omsorgsinstitusjonar. Dette er planlagt i veke 18 og 19.
3. I tråd med vedlagte rutine blir det gitt moglegheit til å røyste pr brev for innbyggjarar som ikkje har moglegheit til å røyste i Volda i førehandsrøystingsperioden.
4. Søknad om ambulerande røysting må vere komen inn til kommunen innan 10. mai kl. 12.00.
5. Tilsette ved servicekontoret og tilsette i administrasjonen vil vere mottakarar av førehandsrøyster.
6. Alle typar førehandsrøysting skal kunngjerast i lokalpressa og på kommunen si heimeside i rimelig tid.

Vedlegg: Prosedyre for brevøysting ved den rådgjevande folkerøystinga om kommunereform 19. mai 2016.

Saksopplysningar:

Det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i spørsmålet om samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.

Det blir lagt opp til ein dag med utvida førehandsrøysting i tilknytning til folkerøystinga om kommunereform, i tillegg til at det blir gitt moglegheit for å førehandsrøyste ved institusjonar, skular og sjukehus.

Dei som ikkje er i Volda under den ordinære førehandsrøystingsperioden eller på valdagen, har moglegheit til å røyste pr brev, sjå vedlegg 1 for framgangsmåten for brevrøysting.

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret for vidare sakshandsaming

Prosedyre for brevrøysting ved rådgjevande folkerøysting om kommunereform 19. mai 2016

I tilknytning til den rådgjevande folkerøystinga om kommunesamanslåing 19. mai 2016, kan det nyttast brevrøysting til utanriks røysting og innanriks røysting for dei som ikkje er i Volda under den ordinære førehandsrøystingsperioden og på valdagen.

Mottak av brevrøyster frå og med 29. april 2016.

Veljarane er sjølv ansvarlege for at brevrøysta blir sendt så tidleg at den er komen fram til valstyret innan valdagen.

Framgangsmåten ved brevrøysting er skildra i valgforskrifta § 28:

1. Legg ein seddel/lapp med JA, NEI eller BLANK i ein blank konvolutt (:røystesetelkonvolutt) og lim igjen.
2. Legg deretter den blanke konvolutt i ein ny konvolutt (:omslagskonvolutt) og skriv på følgjande opplysningar:
 - Rådgjevande folkerøysting 19.5.2016 i Volda kommune, 6100 Volda
 - Namn og adresse (i Noreg)
 - Fødselsnummer
 - Skriv under med namn og dato
 - Om mogleg, bør eit vitne stadfeste at det som er påført omslagskonvolutt er korrekt.
3. Legg omslagskonvolutt i ein oversendingskonvolutt, adressert til Valstyret i Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda og send den så tidleg at den er komen fram til valstyret innan 19.5.2015.

Når brevet kjem til Volda kommune, blir det kontrollert at veljaren er innført i manntalet. I forkant av oppteljinga blir alle omslagskonvoluttar (som identifiserer veljaren) og røystesetelkonvoluttar skilt frå kvarandre, slik at ein ikkje lengre kan identifisere kva den enkelte veljar har røysta.